



Vegdirektoratet  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Dato: 04.05.2015  
Vår ref.: 2014/54-15  
Saksbehandlar: thoaare  
Dykkar ref.:

## Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar - høyring

Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til arbeidsgruppa sine anbefalingar, slik det vart framstilt av brev datert 24. februar 2015 frå Statens vegvesen. Det er positivt at det no vert føreslått indikatorar som er enklare å handtere ved oppfølging av bymiljøavtalane. Det er viktig at prinsippet om lokalt sjølvstyre vert lagt til grunn for avtalane, og at indikatorar knytt til innsatsområda ikkje svekker det enkelte byområde sitt handlingsrom med omsyn til sjølv å velje tiltak og verkemiddel for å nå måla i bymiljøavtalane.

Det vert vidare føresett at endeleg opplegg for indikatorar for arealbruk og parkering vert fastsett i avtaleteksten for bymiljøavtalen for Bergen.

For å rekke høyringsfristen vert det med dette lagt opp til ein administrativ uttale, med atterhald om politiske merknader når høyringsbrevet blir lagt fram for fylkespolitiske organ.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*